

Etterinstallering av heis i lågblokker

Rettleiar for kommunane



Innleiing

Krav til bustad har endra seg, og mange bustader vart bygd i ei tid då det ikkje var krav til heis. Det har medført at 9 av 10 eksisterande lågblokker manglar heis, og at 600 000 personar, eller 12 prosent av befolkninga, som bur i andre etasje eller høgare, ikkje har trinnfri tilkomst til bustaden sin.

Nytte: For kommunen som tenesteytar vil etterinstallering av heis vere eit viktig tilbod til innbyggjarane. Eldre i blokk med heis blir buande lenger i eigen bustad i trygge og kjente omgivnader, og kommunen sparer pengar på grunn av redusert behov for omsorgsbustader og sjukeheims plassar.

Konklusjon: Godt for bebuarane - godt for kommuneøkonomien!

Husbanken har difor laga denne rettleiaren for kommunene. Saman med blant anna brosjyren «Heis gir trygghet og trivsel» (NBBL 2014) kan rettleiaren lette arbeidet med planlegging og etterinstallering av heis i kommune-Noreg.

Kartleggingsskjema:

På side 7, under "Nyttige lenker", kan du laste opp eit kartleggingsskjema som er utvikla og brukt i pilotprosjektet Heis i Årdal.

INNHALD

Innleiing	side 2
1. Føremål/ bakgrunn for etterinstallering av heis	side 4
2. Gevinst for kommunen	side 4
3. Praktiske avklaringar	side 4
4. Innsamling av bebuarinformasjon	side 5
5. Planlegge intervjuprosessen	side 5
6. Bebuarkartlegging	side 5
7. Gjennomføring av intervju	side 6
8. Resultatevaluering	side 6
9. Suksesskriteria	side 6
Nyttige lenkjer:	side 7

1. Føremål/ bakgrunn for etterinstallering av heis

- Kartleggje og analysere bustadmassen og bebuarane si alderssamansetjing, til dømes fordeling på einebustader, rekkjehus, låg- og høgblokker.
- Avklare kva burettslag som bør prioriterast for etterinstallering, til dømes dei som enkelt kan leggjast til rette for funksjonshemma.
- Knytte heisbehovet til kommunen sin overordna politikk med omsyn til heimebaserte tenester i staden for institusjon, herunder omsorgsbustader, trygdebustad og/ eller kortidsplass på sjukeheim.
- Sjå etterinstallering i heis i samanheng med andre statlege og kommunale ordningar, som til dømes bustøtte, tilskot til tilpassing og NAV sin forsøksordning "Tilskudd til tilrettelegging av bolig i stedet for hjelpemiddel"

2. Gevinst for kommunen

- Klargjere kva fordelar etterinstallering av heis og tilrettelegging av bustader kan ha både for den einskilde bebuar og for kommunen.
 - Praktisk og sosialt for den enkelte, investerings- og driftsmessig for kommunen.
- Heis gjer at at eldre og personar med nedsett funksjonsevne kan bu lenger heime og dermed vil ha eit redusert hjelpebehov.



3. Praktiske avklaringar

- Korleis og kor mykje skal kommunen delta i samarbeidet med bustadbyggelag og burettslag?
- Møte med burettslaga sine styreleiarar
- Delta på styremøta.
- Orienterer om Husbankens låne- og tilskotsordningar.
- Utarbeide ein finansierings- og kommunikasjonsplan for prosjektet - retta mot både politisk og administrativt nivå i kommunen.
- Lage ei prosjektbeskriving for å sikre at flest mogleg ønskjer å gjennomføre fleire prosjekt, og medverke til å sikre 2/3-dels fleirtal på generalforsamlinga.

4. Innsamling av bebuarinformasjon

- Kvalitetssikre kompetansen hos intervjuarane, som skal innhente bebuarinformasjon.

5. Planlegge intervjuprosessen

- Kven skal intervjuast
 - alle/eit representativt utval?
- Kva handikap-/aldersgrupper?
- Brukarar av kommunale tenester?
- Skriftlege/munnlege intervju?
- Kartlegge behovet for miljø- og energiltak samtidig? - spare straum etc.
- Korleis fange opp barn med særskilde behov?

- Kva slags informasjon kan hentast ut frå bustadbyggelaga, heimetjeneste, helsesøster mm.?
- Korleis sikre god informasjon til bebuarane i førekant. - Sjå kapittel 3. Praktiske avklaringar, avsnitt 5.
- Korleis sikre tilstrekkeleg svarprosent?



6. Bebuarkartlegging

Kartleggje bebuarane si alderssamansetjing i dei utvalde burettslaga:

- Tal på bebuarar som mottar kommunale omsorgstenester
- Tal på bebuarar med sannsynleg behov for trappeheis på kort sikt, samt heimebesøk med utforming av søknader til hjelpemiddelsentralen om tilskot i staden for trappeheis
- grad av tilgjengelegheit
- avklare med NAV-saksbehandlar om utrekning av eventuell endring av bustønad når auka kostnad per parteigar er klar
- husstandar med barn, barnevogner etc.
- husstandane sin økonomiske situasjon
- bustøtte

7. Gjennomføring av intervju

- Vurdere behovet for ein informasjonsbrosjyre i førekant.
- Utarbeide intervju spørsmål.
- Informere om når og korleis intervju skal gjennomførast.
- Avklare om det skal vere personlege intervju eller utfylling av spørreskjema.
- Legge frankert svarkonvolutt ved spørreskjemaet.
- Eventuelt levere spørreskjemaet direkte til dei personane ein ønskjer skal svare.
- Analysere, drøfte og konkludere.

8. Resultatevaluering

- Kor mange bustader, som var eigna til ombygging til tilnærma livsløpstand, har fått tilkomst til heis?
- Kva positive verknader er registrert for bebuarar og kommunen som tenesteytar, der heis er installert i ettertid? - Til dømes at tidligare hadde trapper vore eit hinder ved båretransportar o.l., og at bebuarane vart påført eit hjelpebehov ved innkjøp, apotek- og legebesøk.
- Kva slags resultat eller effekt ligg det eventuelt i energi- og miljøtiltaka?

9. Suksesskriteria

- Ha tett samarbeid med bustadbyggelag og burettslaga.
- Spørreskjemaet må ikkje vere for omfattande, men lett å fylle ut. - Det må vurderast grundig kva opplysningar som er nødvendig å innhente.
- Gjer ein grundig planlegging før kartlegging i burettslaga med prioritering av kva informasjon som er vesentleg å innhente.
 - Opplysningane skal gje oversikt over situasjonen i dag, framtidig behovsutvikling, økonomi og finansiering.



- Kvalitetssikre intervjuarane sine eigenskapar og kompetanse og ha ein god brukardialog.
 - Dette kan vere helsepersonell/ergoterapeut etc. med individretta kartleggingserfaring.
- Vurdere kor mange av bebuarane som har vedtak om kommunale tenester.
- Korleis sikre høg svarprosent?
- Delta på førebuande møter med styreleiarar, styremøter og informasjonsmøter.
- Leggje spørjeskjema i den einskilde si postkasse, med ferdig frankert svarkonvolutt.
- Setje seg inn i og informere bebuarane om alle låne- og tilskotsordningane til Husbanken, til dømes bustøtte.
- Sjå etterinstallering av heis som eit folkehelsefremjande tiltak, som legg fysisk til rette for auka sjølvstende, og deltaking i sosiale aktivitetar.



Nyttige lenkjer

Husbanken

[På Husbanken.no er det ei temaside for heis med artiklar og videoar og oversikt med lenkjer til Husbankens gjeldande søknadsskjemaer og brosjyrer.](#)

- [Under Lover, forskrifter og retningslinjer finn du gjeldane rettleiarar for tilskot.](#)
Her kan HB 8.B.30 N - Rettleiar for tilskot til prosjektering og installering av heis” vere nyttig.

Norske Boligbyggelag (NBBL): www.nbbl.no

[Eksempel på kartleggingsskjema](#) - utarbeidd i pilotprosjektet ”Heis i Årdal”, eit samarbeid mellom Årdal Boligbyggelag, Årdal kommune, Hjelpemiddelsentralen i Sogn og Fjordane og Husbanken.



Husbanken
Alle skal bu godt og trygt

For ditt næraste regionkontor, ring 815 33 370

www.husbanken.no